

**NIBIO**NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 09.12 2025: Jordbruket på Vestlandet i 2024

Auke i jordbruksinntekta for vestlandsbonden i 2024

Vestlandsbonden fekk ei jordbruksinntekt på 453 100 kroner per årsverk i 2024, ein auke på kr 116 300 frå 2023. På landsbasis auka jordbruksinntekta med kr 136 400 til kr 500 300 per årsverk frå 2023.

Det vart ein solid inntektsauke for husdyrprodusentane på Vestlandet i 2024. Fruktprodusentane fekk ein liten nedgang etter eit svært godt år i 2023

Stor auke for mjølkebonden

Mjølkeprodusentane fekk ein auke i inntekta si med 52 prosent frå 2023 til 2024, og fekk ei gjennomsnittsinntekt på kr 453 100 per årsverk. Ein auke i mjølkeprisen på 48 øre/liter saman med auke produsert mengd var viktige årsaker i til auke i husdyrinntektene. Bruka som driv mjølkeproduksjon i kombinasjon med sau, fekk ein auke på 40 prosent.

Storfekjøtt og sau opp

Bruka med kjøttproduksjon på storfe hadde ein auke i jordbruksinntekt på kr 74 400 per årsverk i 2024, ein auke på kr 24 800 per årsverk.

For sauebruka var gjennomsnittleg jordbruksinntekt på kr 179 300 per årsverk, ein auke på kr 23 400.

Frukt- og bærproduksjon hadde nedgang

For frukt- og bærprodusentane vart 2024 eit godt år, men noko svakare enn 2023. Jordbruksinntekta gjekk ned med 3 prosent frå 2023 til 2024, og vart kr 595 600 per årsverk.

Høge investeringar, auka rentekostnader, men uendra gjeld.

Nettoinvesteringane på vestlandsbruka gjekk ned i 2024. I gjennomsnitt investerte vestlandsbøndene kr 185 200 i 2024 mot kr 363 000 året før. Nettoinvesteringane for landet låg på kr 257 000. Rentekostnadene auka med 27 prosent på Vestlandet.

Jordbruksfrådrag

Jordbruksfrådraget vert fastsett i jordbruksoppgjeret. For 2024 var maksimalt frådrag kr 195 000. Inntektsverknad av jordbruksfrådrag er rekna til kr 33 200 per årsverk for 2024. Dette kjem i tillegg til jordbruksinntekta, og inngår ikkje i nokon av resultatmåla over. Samla årsverksinntekt blir da kr 486 700, ein auke på 31 prosent frå 2020.

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er ei årleg rekneskapsundersøking blant tilfeldig utvalde gardsbruk frå heile landet. I 2024 var det med 932 bruk, der 182 var frå Vestlandet; 123 frå Vestland fylke og 59 frå Møre og Romsdal. Jordbruksinntekt er målt som løn til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk.

<https://www.nibio.no/tema/landbruksokonomi/driftsgranskingar-i-jordbruket> for meir informasjon

Kontaktpersonar ved NIBIO

Erik Gran

Seniorrådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 414 11486

E-post: erik.gran@nibio.no**Patrycja Magdalena Klimek**

Rådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 466 34754

E-post: patrycja.klimek@nibio.no